

RÅDSFORORDNING (EF) nr. 2600/97**av 19. desember 1997****om endring av forordning (EF) nr. 3094/95 om støtte til skipsbyggingsindustrien(*)****RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet, særleg artikkel 92 nr. 3 bokstav c), artikkel 94 og 113,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen,

med tilvising til fråsegna frå Europaparlamentet⁽¹⁾ og

ut frå desse synsmåtane:

Avtala om normale konkurransevilkår i den kommersielle skipsbyggingsindustrien⁽²⁾, som er komen i stand mellom Det europeiske fællesskapet og visse tredjestatar innan ramma av Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD), har enno ikkje teke til å gjelde.

Difor har rådsforordning (EF) nr. 3094/95 av 22. desember 1995 om støtte til skipsbyggingsindustrien⁽³⁾ enno ikkje teke til å gjelde.

I samsvar med artikkel 10 i forordning (EF) nr. 3094/95 skal dei aktuelle føresegnene i rådsdirektiv 90/684/EØF av 21. desember 1990 om støtte til skipsbyggingsindustrien⁽⁴⁾ framleis nyttast mellombels inntil OECD-avtala tek til å gjelde, men seinast inntil 31. desember 1997.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 19. desember 1997.

For Rådet

F. BODEN

Formann

Ettersom det framleis er uvisst når OCED-avtala tek til å gjelde, noko som kan verte utsett til etter 31. desember 1997, må Rådet gjere føremålstenlege tiltak inntil det eventuelt vert vedteke ei ny ordning for støtte til skipsbyggingsindustrien.

Forordning (EF) nr. 3094/95 bør difor endrast -

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:**Artikkel 1**

Artikkel 10 tredje leddet i forordning (EF) nr. 3094/95 skal lyde:

«I påvente av nevnte avtales ikrafttredelse får de aktuelle bestemmelser i direktiv 90/684/EØF anvendelse inntil avtalen trer i kraft, men senest inntil 31. desember 1998.»

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde den dagen ho vert kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjord i EFT nr. L 351 av 23.12.1997, s. 18, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 19/98 av 6. mars 1998 om endring av EØS-avtalens vedlegg XV (Statsstøtte), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(¹) Fråsegn gjeven 17. desember 1997 (enno ikkje offentleggjord i TEF).

(²) TEF nr. C 375 av 30.12.1994, s. 3.

(³) TEF nr. L 332 av 31.12.1995, s. 1. Forordninga endra ved forordning (EF) nr. 1904/96 (TEF nr. L 251 av 3.10.1996, s. 5).

(⁴) TEF nr. L 380 av 31.12.1990, s. 27.